

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 69/2003

Møtedato: 3.12.03

Arkiv nr:

NAUSTRETT VED GRØNSENN

I 1961 søkt eigaren av Bakke 65/2, eigar Torvald Myrvang, om å få føre opp naust i sørenden av Grønsenn. I sak 24/61 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Som jordbruker i Vestre Slidre kan søkeren fritt, uten avgift kan bygge naust i sørenden av Grønsenvannet.*

Retten vart av ulike grunnar ikkje nytta. Noverande eigar av Bakken 65/2 (Gjermund Myrvang) ynskjer no å føre opp naust. I fjellstyrevedtaket er det ikkje gjort tidsavgrensing for når naustet skal førast opp, søkjaren meiner han derfor framleis har rett til å føre opp naust.

Myrvang har også lagt ved avtale om at han har overteke naustretten til Høve 30/1 som ligg ved nordenden av Grønsenn. Myrvang har opplyst at det ikkje er aktuelt å føre opp to naust, men ynskjer å føre opp eitt naust i nærleiken av dei andre nausta ved Pøllen i Grønsenn. Han vil fråfalle den eine retten dersom han får løyve til å føre opp naust.

Myrvang ber i brev datert 1.12.03 om tilbakemelding på om han kan få føre opp naust ved Grønsenn.

Bygging av naust er grunnDisponering som Statskog avgjer etter fjellstyret har uttala seg. Det er sett stopp for meir naustbygging i statsallmenningen, unnateke er dei naust som vart demt ned ved reguleringa av Storfjorden.

I 1999 behandla fjellstyret fleire saker om gamle naustrettar. Dette var både oppførte naust og krav om oppføring av naust på gamle nausttomter. Fjellstyret fann det godtgjort at alle desse har hatt naust tidlegare. Manglande vedlikehald i ei periode var etter fjellstyret sitt syn ikkje avgjerande for retten til naust. Fjellstyret meinte derfor at alle dei som hadde ført opp att naust/restaurent, dei som hadde forfalle naust og dei som berre hadde att rester skulle få avgiftsfritt feste knytt til bruket.

I sak 26/99 var naustretten til Høve 30/1 behandla. Statskog hadde skrive ut erklæring på naustet og denne var underteikna av eigaren i 1990. Erklæringa vart ikkje returnert frå Statskog fordi det mangla storleik på naustet. Alle nausta i allmenningen vart registrert i 1994. Ut frå fotografi som vart teke då, meinte Statskog at naustet til Høve 30/1 var så forfalle at retten var fallen bort. I sak 26/99 tilrådde fjellstyret at Høve 30/1 fekk behalde naustretten. Statskog godkjente retten på vilkår av at nytt naust vart ført opp i løpet av 2002. Søkjaren har fått løyve til å flytte naustet til ny tom på vestsida av Grønsenn. Nytt naust er ikkje ført opp.

Fjellstyret har tidlegare behandla spørsmål kring overføring av naustrett mellom bruksberettiga eigedom og tilrådd dette. I sak 68/89 gjorde fjellstyret følgjande tilråding: *Fjellstyret godkjenner frå si side ein overføring av naustrett frå 50/5 til 50/6 samt oppføring av naust.* Statskog fylgde tilrådinga.

VEDTAK:

Etter fjellstyret sitt syn ligg det ikkje føre rett til naust etter vedtak 24/61. Fjellstyret vil tilrår at Bakken 65/2 får overta naustretten til Høve 30/1 og at han får løyve til å føre opp naust ved Pøllen i Grønsenn.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 5.12.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Gjermund Myrvang
Astrid Hovi
Vestre Slidre kommune